

Utgreiing om aktsemdvurderingar etter openheitslova

For perioden 01.07. – 31.12.2022

INNHOLD

Generell informasjon om Sogn Sparebank	1
Vårt arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.....	1
Negative konsekvensar og risiko.....	3
Arbeid framover	3

GENERELL INFORMASJON OM SOGN SPAREBANK

Sogn Sparebank er ein sjølvstendig, børsnotert lokalbank med eigenkapitalbevis. Banken er registrert og heimehøyrande i Noreg med desentralisert struktur utan hovudkontor, og forretningsadresse på Årdalstangen. Totalt har banken sju kontor på følgjande stader: Aurland, Lærdal, Vik, Sogndal, Årdalstangen, Øvre Årdal og Bergen. Banken har 36 årsverk.

Banken tilbyr i hovudsak produkt og tenester innanfor kreditrådgiving, sparing, rådgiving, forsikring, verdipapirhandel og daglegbanktenester. Marknaden for Sogn Sparebank innanfor bedriftsmarknaden er små og mellomstore verksemder i Sogn. Innanfor personmarknaden er banken landsdekkande, med fokus på vekstområde og større byar, men Sogn skal vere det prioriterte marknadsområdet.

Generalforsamlinga er øvste organ i Sogn Sparebank. Det er generalforsamlinga som fastset banken sine vedtekter, vel styremedlemer, vedtek årsrekneskapen og disponerer årsresultatet. Administrerande banksjef rapporterer til styret gjennom styremøte og dialog med styreleiar. Oversikt over dei 20 største aksjonærane går fram av kvartals- og årsrapportane til banken. Desse rapportane ligg offentleg tilgjengeleg på banken si heimeside og er publisert på Oslo Børs.

Sogn Sparebank er ein del av Eika Alliansen. Eika Alliansen består av alliansebankane, konsernet Eika Gruppen og selskapet Eika Boligkreditt, som er heileigd av alliansebankane. Konsernet Eika Gruppen består av morselskapet Eika Gruppen AS, og datterselskapa Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmegling. Eika Gruppen si kjerneverksemeld er å syte for at lokalbankane har moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og effektive produktleveransar. Eika Boligkreditt er alliansebankane sitt kredittføretak, med konsesjon til å utferda obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Hovudformålet er å sikre bankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering.

VÅRT ARBEID MED MENNESKERETTAR OG ANSTENDIGE ARBEIDSFORHOLD

Openheitslova vart sett i verk 1. juli 2022 og skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester. Lova skal også sikre ålmenta tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Berekraftsansvarleg i banken har ansvar for etterleving av vilkåra i denne lova. Banken har ikkje tidlegare vore omfatta av openheitslova, og dette er den første statusrapporten som er lagt fram.

Interne forhold

Styret i banken har vedteke etiske retningslinjer som alle tilsette signerer ved oppstart i arbeidsforholdet. Det blir gjennomført jamnlege medarbeidarsamtalar og medarbeidarundersøkingar. Saman med god dialog med tillitsvalde og verneombod vert resultata nytta aktivt i å vidareutvikle arbeidsmiljøet i banken.

Banken har retningslinjer for berekraftig verksemde og samfunnsansvar. Retningslinjene handlar om korleis verksemda påverkar menneske, samfunn og miljø. Det å skape verdiar og vere lønnsam er ein del av banken si

samfunnsrolle, og banken vil på denne måten bidra til vekst og utvikling i samfunnet. Det er ikke likegyldig korleis banken tener sine pengar, val av produkt og tenester skal ikke gå ut over menneske, etikk eller miljø. Det er ein sjølvfølge at banken etterlev gjeldande lover og forskrifter, og banken skal ha høg etisk bevisstheit. Banken har også utarbeida følgjande handlingsreglar for korleis banken skal i vareta sitt samfunnsansvar knytt til sitt samfunnsansvar:

- klima og miljø
- menneskerettar
- økonomisk kriminalitet
- berekraftig eigarskap og investeringsstrategi
- lokalt engasjement
- kunderådgiving
- kreditrådgiving
- nulltoleranse for diskriminering
- berekraftig innkjøp
- banken sine konkurrentar
- medarbeidarar og trivsel

Banken sine retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar er vedtekne av styret og gjort kjend for alle tilsette.

Leverandørar

Eika Gruppen er den største leverandøren til banken, og syter for fleire større innkjøp på vegne av Eika-bankene. Eika har også ei rekke underleverandørar som opprettheld krava Eika stiller. Styret i Eika Gruppen har vedteke policy for innkjøp og utkontraktering samt oppdatert policy for berekraft med krav om aktsemdunderlag av avtalar inngått av Eika Gruppen. Dette gjeld også for avtalar som blitt inngått av Eika Gruppen på vegne av bankane. Banken vurderer at Eika Gruppen sine aktsemdunderlag er av god kvalitet. Eika Alliansen har felles infosider med oversikt over alle avtalar som Eika Gruppen har inngått på vegne av bankane, med aktsemdunderlag og korleis dei har blitt utført.

Banken har relativt sett få leverandørar og forretningssamband, og me er opptekne av å nytte lokale leverandørar i størst mogeleg grad. Banken har innhenta eigenerklæringer om leverandøråtfred frå våre største leverandørar og forretningssamband.

Varslingskanalar

Banken ynskjer å legge til rette for eit godt ytringsklima, der kritikkverdige forhold kan takast opp, diskuterast og løysast. Det er lagt til rette for fleire interne men også eksterne varslingskanalar. Dette kjem fram i eigne styrevedtekne retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold. Banken har oppnemnd eige personvernombod og denne informasjonen er tilgjengeleg på banken si nettside sognbank.no. Informasjon om banken si klageordning er tilgjengeleg på banken si nettside, og innkomne klager vert handsama av Leiar for Compliance. Klager og krav vert handsama i samsvar med kundane sine rettar etter avtale og lov, og banken skal syte for at desse vert ivareteke.

NEGATIVE KONSEKVENSAR OG RISIKO

Det har ikkje blitt avdekkta forhold som viser negative konsekvensar eller risiko knytt til menneskerettsbrot, brot på arbeidsforhold eller liknande. Me vurderer risikoen som låg for at banken bidreg til brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. Det same gjeld risikoen som banken er direkte knytt til gjennom leverandørkjede og forretningssamband. Me vil likevel halde fram arbeidet med vurderingane, både internt og eksternt.

ARBEID FRAMOVER

Banken vil samarbeide med leverandørar og tenesteytarar for å sikre at dei samsvarar med banken sine forventningar og krav. Dersom banken oppdagar av kundar, leverandørar og selskap har investert, ikkje handlar i tråd med banken sine forventningar i forhold til berekraft, miljø og samfunnsansvar, vil banken opprette dialog med selskapet for om mogeleg å få til ein endra praksis. Om selskapet held fram med å bryte banken sine krav, vil det kunne medføre at det blir starta ein prosess mot ei avvikling av kundeforholdet eller sal av eigarposisjon i selskapet.

Banken gjer greie for sitt arbeid knytt til berekraftig verksemrd og samfunnsansvar i årsrapporten. Sogn Sparebank svarar på eventuelle ytterlegare spørsmål knytt til openheitslova, og spørsmål kan sendast til post@sognbank.no.

30.06.2023 | Styret i Sogn Sparebank

*Kristine Grønner
Ohnstad (s.)
Styreleiar*

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Eldegard (s.)

Kåre Mentz Lysne (s.)

Grethe Hjetland (s.)

Atle Terum (s.)

Marianne Sundal (s.)

Halvor Larsen (s.)

Tilsetterepresentant

Tilsetterepresentant

*Mads Arnfin Indrehus
(s.)
Adm. Banksjef*